

Toten dialekt- og mållag  
v/Olaf Nøkleby  
Evang  
Evangsgutua 45  
2850 LENA

23. februar 2011

Språkrådet

[nynonemnd@sprakradet.no](mailto:nynonemnd@sprakradet.no)

## Revisjon av nynorskrettskrivinga – høyring

Ei endring av nynorsknorma skal gjera det lettare å vera nynorskbrukar, seier Språkrådet. Dette må gjelde nynorskbrukarar over heile landet. Ein må vera forsiktig med å endre nynorsknorma på ein slik måte at nynorskbrukarar i store delar av landet kjenner seg mindre heime i den offisielle norma. Toten dialekt- og mållag vil særleg peike på desse punkta:

### 1. Kløyvd infinitiv

Kløyvd infinitiv er eit viktig målmerke for dialektar over store delar av landet. For mange nynorskbrukarar er det naturleg å bruke kløyvd infinitiv. Å ta bort kløyvd infinitiv vil skapa større avstand mellom dialektgrunnet og nynorsk rettskriving.

### 2. Valfri j i verb som tenkje/tenke

Vi er samde i vurderinga nemnda har gjort og meiner former med og utan j bør vera jamstelte.

### 3. Diftong eller monoftong

Her bør sideformer som finst i dag behaldast og klammeformer gjerast jamstelte og ikkje strykast. Vi reagerer særleg på framlegget om å ta ut ord som *flom*, *flomme*, *drøm*, *drømme*, *høre*, *kjøre* og *øre*. Orda (*tak*)*raust*, *n* og *å rauste* er totalt ukjende for oss. Derimot veit vi svært godt kva (*tak*)*røst*, *n* og *å røste* er.

### 4. Samsvarbøying i perfektum partisipp

Vi støttar framlegget om valfri samsvarbøying i perfektum partisipp av svake verb.

### 5. Andre ord

Ord som er i bruk bør ikkje takast ut or rettskrivinga. Det er variasjon som gjer språket rikt. Vi reagerer særleg på framlegget om å ta ut ord som *gjøra*, *på gjørs* (forma ”på gjerst” er ukjend for oss), *hokken*, *hossen*, *huje* (det kjennast unaturleg å måtta skrive ”huie”), *huttaheiti* (må vera ein riktigare skrivemåte enn ”hutaheiti”), *mye*, *skjeggut*, *skråme* og *skruve*.

### 6. Determinativ

Former som står sterkt i norske dialektar bør òg finnast att i det nynorske skriftmålet. Derfor vil vi frårå å sløyfe formene *hennes* og *noen*.

### **7. Variasjon mellom to vokalar**

Nynorsk rettskriving må ikkje forenkle seg til fant. Vi må ta vare på den rikdomen variasjonen i språket utgjer. Argumentet nemnda framfører for å stryke forma *skole* har vi liten sans for. *Skole* og *skule* må vera jamstelte former. Like eins er det med t.d. *alter* og *altar*. Vi meiner det er uheldig å endre *spjut* til *spjot* – det fører i alle fall ikkje til noka forenkling.

### **8. Objektsform av personlege pronomen**

Nemnda gjer framlegg om å sløyfe objektsforma *honom*, men behalde objektsforma henne. Vi meiner det er inkonsekvent å fjerne hankjønnsforma. Forma *honom* er i bruk, i alle fall i austlandske målføre.

### **9. Perfektum partisipp av sterke verb på i**

Vi er usamde i at former som *vori* og *biti* blir tekne ut av nynorsk rettskriving. I-endinga i partisipp av sterke verb står sterkt i målføre over store delar av landet og i den nynorske skriftradisjonen.

Med helsing  
Toten dialekt- og mållag

Jorunn Aarsby

Kari Røssum

Olaf Nøkleby